



Bremanger kommune

JournalpostID: 24/3855
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 02.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/24	Formannskapet	11.04.2024
027/24	Kommunestyret	25.04.2024

PlanID 201803, Reguleringsplan fv 614 Svelgen - Myklebust, handsaming etter offentlig ettersyn

Vedlegg:

Svelgen - Indrehus plan-ID 2018.03, drøfting
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803 Delplan 1 - 13 (4)
Føresegner Svelgen-Indrehus Fv 614, rev 21.03.2024
Planomtale Fv. 614 Svelgen - Indrehus
Vedlegg 21 Merknadshandsaming fv 614
Plandokument til behandling etter offentlig ettersyn og høyring; Planomtale fv 614, Svelgen - Indrehus
Vedlegg 21 Merknadshandsaming fv 614
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803 Delplan 1 - 13 (3)
Føresegner Svelgen-Indrehus Fv 614, rev 21.03.2024
Vedlegg 1 Fv 614 Svelgen - Indrehus Oppsummering Innspel til planoppstart Oktober 22
Vedlegg 2 Samledokument fullstendige merknader til varsel om oppstart Fv. 614 Svelgen Indrehus Oktober 2022
Vedlegg 4 Tekniske teikningar
Vedlegg 5 Geologisk rapport til reguleringsplan 060227 - GEO - RAP -03
Vedlegg 6 Geoteknisk rapport 060227-GEO-RAP-2
Vedlegg 7 ROS-analyse_Heile planområdet
Vedlegg 8 ROS-analyse_Tunnel
Vedlegg 9 Rapport - Naturmangfald
Vedlegg 10 Rapport - kulturminneregistrering
Vedlegg 11 Størrapport Svelgen-Indrehus med vedlegg
Vedlegg 12 Reinsing av tunnelvatn og deponi
Vedlegg 13 Hydraulisk analyse for 3 bruer i Svelgen
Vedlegg 14 Miljørisikovurdering tunneler
Vedlegg 15 Reinseløysing for tunnelvaskevatt og deponi
Vedlegg 16 Vurdering av skredsikring i Magnhildskaret
Vedlegg 17 Tabelloversikt over areal frå plankart
Vedlegg 18 G-rap-002_Skredfarevurdering_Svelgen_Indrehus
Vedlegg 19 Vurdering av støv i anleggsfasen
Vedlegg 20 Tilbakemelding - Bremanger - fv 614 - Svelgen - Indrehus - detaljreguleringsplan
Vedlegg 21 Merknadshandsaming fv 614
veiledning_midlertidigbyggoganlegg_16-april2020
Indrehus_Arealoversikt
Indrehus_Arealoversiktskart

Myklebustdalen_Arealoversikt
Myklebustdalen_Arealoversiktskart
Svelgen_Arealoversikt
Svelgen_Arealoversiktskart
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 1 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 2 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 3 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 4 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 5 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 6 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 7 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 8 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 9 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 10 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 11 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 12 av 13
Plankart Fv.614 Svelgen-Indrehus PlanID_1438201803_Delplan 13 av 13
Notat T_kryss_Rise

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, blir reguleringsplan for fv 614 Svelgen – Myklebust, planID 201803, vedteken slik den ligg føre, med unntak av følgjande endring:

- Området L17, langs austsida av Risevasselva og Risevassosen, blir endra til LF – friluftslivsføremål, der føresegner opnar for omlegging av sti og reetablering av bru.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 11.04.2024

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, blir reguleringsplan for fv 614 Svelgen – Myklebust, planID 201803, vedteken slik den ligg føre, med unntak av følgjande endring:

- **Området L17, langs austsida av Risevasselva og Risevassosen, blir endra til LF – friluftslivsføremål, der føresegner opnar for omlegging av sti og reetablering av bru.**

Bakgrunn for saka:

Fylkeskommunen har lagt fram planframlegg for reguleringsplan for fv 614, strekningen Svelgen – Myklebust. Føremålet med planarbeidet er å få eit formelt vedtak til å kunne byggje ny fv 614 på strekningen, som i hovudsak vil gå i tunnel. Veggen skal gje betre samband mellom Bremanger og det som no er Kinn kommune. Planarbeidet starta opp i desember 2018. Planoppstart vart varsla våren 2019, med innspelsfrist 24.05.2019. Kommunen har avtala å overføre planførebuinga til fylkeskommunen, jfr plan- og bygningslova § 3-7. Planframlegget vart drøfta i formannskapet i sak 018/22 den 08.11.2022, sjå vedlegg «Drøftingssak». Deretter sytte fylkeskommunen for offentleg ettersyn og høyring,

i perioden 13.12.2022 – 06.02.2023. Planen skal no behandlast med innkomne merknader. Det er kommunestyret som skal endeleg vedta reguleringsplanen.

Kommunestyret 25.04.2024:

Handsaming:

Otto Eikeset, Vestland Fylkeskommune orienterte i saka før den vart opna.

Svein Olav Senneset, V : Stilde spørsmål om kvifor fylkeskommunen hadde kome fram til konklusjon om at rundkøyring var ei betre løysing enne T-kryss på Rise, og om ein kunne nytte skråningar frå veg ned mot landbruksjord i jordbruket - må det i såfall vere nedfelt i vedtaket.

Eikeset informerte om at T kryss vil krevje mykje meir areal. Nå det gjeld å nytte skråningane til jordbruk så kan det takast med i detaljprosjekteringa når den skal lagast.

Etter at saka vart opna

Per Erik Rise ,H, bad kommunestyret vurder om han var ugild i saka då han er grunneigar på Rise. Kst fann at han var ugild, han gjekk frå.

Svein Olav Senneset, V : stilde spørsmål om det er godt nok utgreidd at det skal vere rundkøyring. Sp ved Magne Kjerpeset meiner at ein må så langt det er mogleg legge til rette for dei som driv jordbruk på området.

Nils Jørgen Sagebø, Ap: Ønskjer ikkje meir utgeing i saka.

KST- 027/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, blir reguleringsplan for fv 614 Svelgen – Myklebust, planID 201803, vedteken slik den ligg føre, med unntak av følgjande endring:

- **Området L17, langs austsida av Risevasselva og Risevassosen, blir endra til LF – friluftslivsføremål, der føresegner opnar for omlegging av sti og reetablering av bru.**

Formannskapet 11.04.2024:

Handsaming:

Otto Eikeset frå Vestland Fylkeskommune orienterte i saka.

Svein Olav Senneset, Venstre - ved Rise er det rundkøyring, politkarane ynskjer å sjå mogleigheit for å ha eit T-kryss istadenfor rundkøyring.

Det er sett på mange løysingar for vegen, det som er lagt fram no er det den beste trafiksikkerheitsmessig. Det er teke omsyn til dei mjuke trafikantane og til grunneigarane i planen.

Eikeset skal få utarbeida ei skisse som viser området ved Rise med T-kryss.

FSK- 031/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, blir reguleringsplan for fv 614 Svelgen – Myklebust, planID 201803, vedteken slik den ligg føre, med unntak av følgjande endring:

- **Området L17, langs austsida av Risevasselva og Risevassosen, blir endra til LF – friluftslivsføremål, der føresegner opnar for omlegging av sti og**

reetablering av bru.


Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova § 3-7 og § 12-3

Saksopplysninger/vurdering:

Utsnitt frå utlysing av planarbeidet syner planområdet. Planframlegget er samansett av plankart, føresegner, planomtale, risiko- og sårbaranalyse og fleire temarapportar. Det er plankart og reguleringsføresegner som er juridisk bindande.

Fylkeskommunen har vurdert alle innkomne merknader i vedlegget «Fråsegn til offentlig ettersyn og høring av planforslag», der fråsegnene er sorterte etter fagmynde, lag og organisasjonar, og grunneigarar/privatpersonar.



Varsla planområdeavgrensing

NVE og Statsforvaltaren kom med motsegn til reguleringsplanen. NVE hadde motsegn til at reell skredfare ikkje var utgreidd. Det er difor gjort skredvurderingar av nokre aktuelle område, og reell skredfare er synt i kartet, med omsynssone. Det er sett rekkjefølgjekrav der sikring er nødvendig. Skredrapporten syner at tomtane på Klubbeneset på Myklebust er trygge mot alle typar skred. Motsegna til NVE er etter dette trekt.

Statsforvaltaren hadde motsegn til nærføring av utmarksveg (f_SKV28), til lokalitet med raudlista fossegrimemose. Fjerning av skog og kratt, og støv i anleggstida ville kunne påverke lokaliteten, som er fuktkevjangde. Etter drøftingar er anleggssona (#15) langs vegen


avgrensa til det heilt nødvendige, og føresegner styrka i høve ivaretaking av lokaliteten. Etter dette er det varsla at motsegna vil bli trekt.

Reguleringsplanen er utarbeidd i samråd med kommunen, grunneigarar og fagmynde. Kommunen kom i 2020 med innspel om planområdeavgrensing, der ein bad om at planområdet måtte forlengast forbi svingen ved Risevatnet, sidan denne har dårleg framkome. Dette vart imøtekome, og inneber at vegstrekningen frå Rise, gjennom Kruna og forbi Risesvingen, vil kunne gjennomførast som eit separat prosjekt. Kommunen har elles lagt vekt på næringsinteresser og almenne interesser som friluftsliv, i samråd om planen.

I Myklebustdalen, der deponi for tunnelmassar i hovudsak skal deponerast, er sti frå dalen og opp i fjellet, ivareteken som buføringsveg og tursti. Dalføret er viktig turområde for lokal bruk.

I gjeldande reguleringsplan for Svelgen (2001) er utmarksareala regulerte til spesialområde, friluftsområde. Langs Riseelva er areala avsette til friområde. Desse omsyna har ein lagt vekt på å vidareføre i den aktuelle planen, då dei nærre friluftsområda er mykje nytta, og viktige for folkehelse og bulyst. Elles ivaretek planen innmark som framtidig jordbruksareal.

Kommunen er medeigar i gbn 38/413, felleseige på Rise, som i hovudsak tilsvarar overnemnde friluftsområde og friområde. Då kommunen fekk konsesjon frå Fylkesmannen for å overta gbn 38/4, Andreasbruket, var det på vilkår om at mesteparten av utmarka skulle seljast til andre, medan kommunen skulle behalde eigardelen i deler av utmarka, no gbn 38/413. Føremålet med dette var ivaretaking av samfunnsinteresser og almenne interesser.



Gb 38/413. Felles utmark der kommunen er med

Riseelva og Risevassosen er vestsida av elva avsett til friluftsføremål, der sti til Kruna kan leggast om. Dette er ikkje følgt opp på autsida av elva og osen, der kantsona er avsett til L-føremål (landbruks-, natur- og friluftslivsføremål med nemninga L17). Denne kantsona omfattar ei lita sandstrand ved osen og anleggsvegen som er viktig turområde. L17 bør difor endrast til friluftsføremål.

Krava i vegnormalane gjer at veganlegget legg beslag på betydelege areal på Rise. Størstedelen av innmarka skal nyttast til deponi av steinmassar frå tunneldrivinga, og etterpå tilbakeførast til jordbruksareal. Jordbruksarealet (LJO3) er tilrådd avgrensa mot utmarka på Risevasslendingen. Dette er fordi arealet på Lendingen ikkje er innmark, og det her er opplagsplassar for bruka på Rise. Sør for den regulerte turvegen mot vatnet (o_GT14), er det tilrådd å innlemme eit jordbruksareal (LJO4) i friluftsområdet LF1. Dette er fordi arealet er utmark, og fordi det er knapt med vekstjord innanfor planområdet, til å kunne opparbeide nye jordbruksareal.

Ved Svelgen gravplass er det tilrådd å endre buffersona ikring, frå friluftsføremål LF02 til

grøntstruktur GBG. Her er det lagt til føresegner om vegetasjon og ev voll, for skjerming mot det kommunale næringsarealet. Gravplassen skal og skjermast med støyskjerm-7 voll mot ny fylkesveg, og skjermast også i anleggstida. For næringsarealet (BN) er det i føresegnene no presisert at det ikkje skal vere detaljhandel.

Bremanger næringsråd m.fl., har kome med merknad om endring av vegtrasèen på Rise. Fylkeskommunen har i si handsaming av merknadene gjort greie for kvifor veganlegget teknisk må utformast slik det er gjort, for å imøtekomme krava til vegutforming. Næringsarealet på Rise, BKB2, er ivareteke så langt det let seg gjere, i planforslaget. Deler av merknadene handlar om strategiar for næringsutvikling, som ein kan kome med innspel til i samband med andre planarbeid for Svelgen.

Grunneigarar på Rise har merknader m.a. til at det er lagt til rette for offentleg turveg på Rise. Fylkeskommunen viser til at gardsbruka er sikra rettane dei har, også til køyrbar tilkomst til utmark. Samstundes er det nytta offentleg føremål på turveg, for å sikre allmenta sitt tilgjenge til utmark. Turvegen er forøvrig vidareføring av regulert, offentleg gangsti i gjeldande reguleringsplan frå 2001. Tilgjenge i retning Risesetra er i vareteke ved regulert landbruksveg klasse 7 (f_SKV28). Dette vil bli ei mykje betre løysing enn i dag. Vegar frå fv 614, fram til gardsbruka og vidare til Risevasslendingen, blir dimensjonerte for tømmerbil, herunder også kulverten under den nye fylkesvegen. Dette inneber ei standardheving i høve dagens vegar i området.

Mellombels byggje- og anleggsområde er avsett i ei skravert sone langs heile veganlegget. Dette er eit føresegneområde der det ikkje kan gjerast tiltak som kan forvanske gjennomføring av veganlegget. Ev tiltak vil krevje dispensasjon. Dei fleste areala ikring veganlegget er LNF(L)-område, der det berre kan byggjast for tradisjonell landbruksdrift, og friluftsområde, der det ikkje er opna for byggjing. Føresegnsområdet vurderer ein difor til ikkje å ha store ulempar, men kan ha verknader for næringsområda BKB2 og BN på Rise. Kommunen har hatt innspel om generell innskrenking av den mellombelse anleggssona, og innanfor BKB2 er sona avgrensa.

Samla vurdering:

Ein seier seg samd i vurderinga av innkomne merknader, med unntak for endring av kantsone austside Riseelva/Risevassosen, til friluftsføremål LF.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ikkje relevant